



Sak nr 7/2012

Møtedato: 1.3.12

Møtestad: Telefonmøte

Arkiv nr: S798

S 789, Flyin - søknad om overføring av støl, ny behandling

Ola Tildheim søker i brev datert 31.10.11 om å få overføre støl S789 på Flyin til Peter Torp. Bakgrunnen for denne søknaden er at Ola Tildheim har fått kommunal godkjenning for deling og sal av delar av eigedomen Grefsrud 75/13 m. fl. For disponering av areal i statsallmenningen gjeld ikkje jordlova og overføring av støl må godkjennast av fjellstyret.

Peter Torp og Inger Eriksdotter har i e-post datert den 14.11.11 søkt om å få overta stølen. Dei eig bruket Snortheimsmarke 87/4. Til dette bruket er det støl på Kinnhølt (S842). I skrivet orienterar dei nærare om drift på Snortheimsmarke og for framtidig drift på brukseininga Snortheimsmarke/Flekkelijordet. Han driv med mjølk- og kjøttproduksjon, med 50 storfe og 25 vinterfora sau. Han driv mjølkeproduksjon frå stølen på Kinnhølt. Torp har leigd S789 på Flyin i mange år og er ein del av grunnlaget for drifta på garden. Kommunen stadfestar at Torp har behov for meir areal til bruket.

Reglar for overføring av støl er forskjellig frå nytvising av støl og er ikkje regulert av stølsforskrift. Heimel for overføring av støl finn ein i § 20 i fjellova; *Seter i statsallmenning kan med samtykkje frå fjellstyret overførast til bruk for ein annan eigedom som har rett til seter i allmenningen.* Rett til støl går fram av § 2 i fjellova; *Rett til allmenningsbruk ligg til bygd eller grend som frå gamal tid har hatt slik rett.*

I sak 6/2012 gjorde fjellstyret følgjande vedtak:

Fjellstyret godkjenner etter § 20 i fjellova overføring av S 789 på Flyin frå Grefsrud 75/13 m.fl. til den nye brukseininga Snortheimsmarke 87/4 og Flekkelijordet 77/12.

Ola Tildheim v/advokat Geir Kr. Landsverk har i brev datert 27.2.12 søkt om at overføring av støl kan skje til Snortheimsmarke 87/4, ikkje den nye brukseininga Snortheimsmarke 87/4 og Flekkelijordet 77/12. Grunnen til dette er at det vil ta ei tid før bruksrasjonaliseringa er endeleg gjennomført og det er ynskje om at overføring av stølen kan skje no.

Fjellstyret behandla søknaden i sak 6/12 ut frå dei opplysningar som vart lagt fram om bruksrasjonalisering. Opplysningane om bruksrasjonalisering av Grefsrud 75/13 er irrelevante opplysningar slik det går fram av siste søknad. Samanlikna med tidlegare behandling vil det dyrka arealet bli redusert med 10 daa dyrka jord når ein ikkje reknar med Flekkelijordet 77/12. Reduksjon i areal er ikkje ein så vesentleg del at det er avgjerande for drifta.

Vedtaket:

Fjellstyret endrar tidlegare vedtak i sak 6/2012 og godkjenner etter § 20 i fjellova overføring av S789 på Flyin frå Grefsrud 75/13 m.fl. til Snortheimsmarke 87/4.

Jf. §10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter det er kunngjort eller der er gjeve melding om vedtaket.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 2.3.12

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Ola Tildheim
Peter Torp og Inger Eriksdotter
Statskog
Vestre Slidre kommune